

KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 6

September 1984

38. årgang

Kyrkja vår — stillas, eller hus til å vera heime i?

"Vi må ikke gjøre den norske kirke til det den aldri kommer til å bli - Jesu Kristi sanne kirke." Slik vert generalsekr. Grandhagen i Misjons-sambandet referert i Vårt Land 3.9., frå bedhuskonferansen på Landro. Men dei kan samarbeida med "troende prester".

Noko nytt er ikkje dette. Me kjenner det att frå so mange "repriser". Ludvik Hope målbar desse tankane klårt og kvast i "Kyrkja og Guds folk" for 60 år sidan, og kan henda litevetta meir vidsynt enn somme av arvtakarane hans.

Etter denne seinste reprisa må eg tenkja på ein gamal misjonshøvding som sukka noko oppgjeven etter eit anna ordskifte for mange år sidan: "Eg har høyrte alt saman so mange gonger før".

Og her er ikkje plass og høve til å ta opp nokon debatt, - og det ville knapt nytta heller.

Men eit par merknadar bryt på.

Grandhagen og andre har "fremot" til å dela inn vekjennande prestar i kyrkja i dei som er truande, og dei som er truande til litt av kvart, får so vera. Men sant å seia undrast me av og til når me set på bedehusbenken og høyrer snakk, for ikkje å seia slarv, om prestar: Er dette mønstergyldig, bibelsk og vedkjenningsstrugen forkynning? Men det lyt nok tolast. Ein hyrding må rekna med nokre risper.

Men vil dei so å seia gjera mange i kyrkjelydane huslau-

se, får me be dei om å tenkja seg om.

Når dei seier at Den Norske Kyrkja ikkje er ei sann Jesu Kristi kyrkja, er det visst ut frå eit slags "stillas"-tenking dei driv med: Kyrkja vår er ikkje eit skikkeleg hus, i kristen tyding, - men som eit stillas. Der kan dei frie lekmannsorganisasjonane innreia sine rom, sine "venesamfunn". Der er dei trygge.

So må me spørja: Kva so med dei kyrkjelemene som ikkje finn , eller vert tekne imot i desse organisasjonsrom? Skal dei stå ute på stillaset og frysa i tidsens ver og vind?

Dette er ikkje noko åtak på lekmanns-, og -kvinnearbeidet. Me er glade for alt friskt og godt kristent arbeid, kvar det so finst. Men det femner slett ikkje dei mange som vil vera kristne, men ikkje kjenner seg heime, og finn seg til rettes i dei ymse organisasjonane, men er det som sume nedsettjande kallar "kyrkjekristne".

Skal dei so å seia vera dømda til å sitja på stillaset og dingla med beini til dess Grandhagen og andre entrepenørar får bygt stort og romsleg nok?

Nei, om ikkje andre stader, so skal dei i kyrkja finna hus og heim. For Jesu Kristi kyrkja er "der ordet vert rett forkynt, og sakramenti rett forvalta."

Diakoni og misjon

Prostimøtet på Helgaton i år var ei gild oppleving for oss som fekk vera med. Eg vil helsa og takka dykk som var der og dela litt med dykk som les bladet.

Diakoni og misjon var gjennomgangstema. Og eg vil her freista gje att nokre av dei tankar og meiningar som kom fram under hovudinnlegga frå tre av leiarane.

Forstandar Audun Tang gav oss ei innføring i diakoni etter skrifta. Det er lite å finna direkte om diakoni. Men ordet «tena» går att særst ofte. Diakoni i vidaste forstand finn vi omtala i 1. Pet. 4,10. Det er knytt til nådegåvene åt kvar kristen. Og misjon og diakoni vert to sider av same sak.

Diakoni er ikkje å utretta dei store gjerningane, det er å utføra dei vanlege små kjærleiksverk i dagleglivet. Diakoni er kristen livsform: å tena kvarandre i kjærleik. Jesus synte det klårast ved å ta ein tenarskapnad på seg. Diakoni er personleg teneste der ein gjev seg sjølv. Med misjon fylgjer naturleg nok teneste, altså diakoni.

Det verkar provoserande på verda i dag å snakka om teneste, å gje seg sjølv, verta ein Kristi trel. Men diakoni er nett ei teneste gjeven i fridom. Jesu teneste var tosidig, forkynning og lækjing. Vi har så lett for å åndeleggjera Jesus sine praktiske handlingar. Men sjølv det kristne livet har praktisk teneste i sine hender. Den store lærar Luther sa det slik: Vi skal leva i notida, ikkje kopiera tidlegare tider og dei som levde før. Syndstiltgjeving skapar nytt liv, og dette livet skal levast her og no!

Diakoni er ikkje almisse. Diakoni er personleg hjelp! Vi skal gje og ta imot, diakoni er tosidig også på denne måten.

Lektor Åse Madsen kom inn på dei tre sidene av kyrkja sitt ansvar for kyrkjelyden: Forkynning til frelse, undervisning for vidare utvikling og diakoni med omsorg og lindring. Det er både åndeleg, fysisk og sosial naud som må lindrast. Vi treng å få diakonitanken inn i arbeidet vårt i kyrkjelyden. Diakoni er ikkje berre for dei utvalde, vi har alle eit ansvar her. Korleis står det til med den diakonale tenesta utover i kyrkjelydane?

Det er leitt at diakonien har utvikla ein fagprofil, at det har blitt ei teneste av fagfolk. Det er i grunnen kvar kristen si sosiale plikt. Målet vårt må vera å få fram att den rette meining med diakoni. Til hjelp har vi fått diakoniråd i den norske kyrkja. Bispedømmet vårt har sitt råd og arbeider for lovfesta diakonistillingar. Men det er eit storarbeid å kontakta 220 sokneråd i 9 prosti. Prosti-diakoni-nemnder må difor bli faste.

Kanskje vår største naud i dag er einsemda. Å syta for at einslege i heimane, på institusjonane, sjukehus og eldreheimar får støttekontaktar, det er ei stor oppgåve. Menneske på same plan som du sjølv treng di hjelp! Oppgåvene er mange, lat oss gå inn i dei og løysa dei!

Sokneprest Øyvind Øy peika på kyrkjelyden sitt ansvar for misjonen. Oppdraget vårt er klårt, vi har ein bodskap! Jesu død er grunnlaget. Folk flest vil gjerne tala om og visa til dei synlege resultat av misjonsarbeidet: skular, helsestell, jordbruk o.a. Men evangeliet er hovudsaka. Vi er Guds folk som skal forkynna hans storverk. Vi må ut med ordet. Trange budsjett må ikkje hindra utviklinga innan misjonen, nye misjonsfelt kan ikkje

venta! Vi treng troppar som kan halda fram med evangeliseringa, enno manglar evangeliet på omlag 3.000 språk. Og unge samlar seg og står klåre for oppdrag.

I eit år framover vil vårt bispedøme ha eit «misjonens år». Felles oppgåver vert lanserte. Og desse vil kyrkjelydane verta orienterte om. Ynskjet er også at

fleire menn vil delta i dette. Det vert litt av ei utfordring for mange. Lat oss nytta ut dei hjelpemidlar som finst, og lat oss be for dette arbeidet, seier Øy til slutt.

Lat oss arbeida vidare med desse tankane, slik at dei kan koma til konkret uttrykk i handlingar rundt om i alle kyrkjelydane!

Venleg helsing
Lasse Vassenden

Budskapet skal ut...
men glem ikke din bror
ved din side
når han stilltiende ber
for et øyeblikk av din tid.
budskapet skal ut...
men la ikke
din bror
ved din side
bli tråkket ned
i iveren for å nå lenger
slik at de livgivende ord
blir hans død.

Glem ikke din bror

Georg E. Johnson
i "Søndagshilsen
fra Modum".

Budskapet skal ut...
men la ikke din bror
stå alene tilbake
når din styrke
ble for sterk
og han ikke lenger
kunne følge deg.

Budskapet skal ut...
men overse ikke din bror
når han famler
for å finne ordene
og ber deg vente
og lytte.

Budskapet skal ut...
men glem ikke din bror
ved din side
når han ber om
ROM
til å leve.

"DIAKONI OG MISJON" kan vel vera høveleg skildring av eldre-treffet på Stamnes 6.6., mellom Stamnes og Vaksdal. Ikkje minst gledeleg var det at 6-7 rullestolbrukarar frå Sjukeheimen var med, med nittiåringen Jon Trefall i brodden. Utanom god mat og allsong, var det forvitneleg kåseri av Fridtjof Dæmring om Skipshelleren, og song av Stamnes Damekor. Takk og æra til damene som serverte, og sjåførane frå Vaksdal som sytte for transporten!



Misjonærvigsla Dale Kyrkje 11. 8. 84

Misjonfolk frå fjern og nær var samla i Dale kyrkje laurdag 11. august for å vera på misjonsvigsla av Dale sin aller første misjonær - Grethe Øpstebø frå Nedre Eikhaugen.

Vakre sommarblomar og flagg frå alle misjonsfelta Norsk Luthersk Misjonssamband har, var ramma kring koret, der ei ung og modig Dale-jente lyste opp mellom alvorlege leiarer frå NLM, som stod for denne høgtidsame og gripande vigsla.

Over 250 unge og eldre var å finna i benkene med kvar sitt vakre programhefte, som inneheldt den lange lista over det som skulle skje. Dale si stilreine kyrkje pryda fram-sida, og i heftet fann vi ei smilande glad ung kvinne, som



Grethe Øpstebø - sjukepleiar
Fødd 20. jan. 1958 på Dale.

Foreldre:

Tomas Øpstebø frå Samnanger.

Kirsten (f. Øvstebø) frå Vaksdal.

står framfor alvorlege og i aller høgste grad krevjande oppgåver i ein lut av jorda vi gjerne kallar "den tredje verda". I heftet fann vi og rikeleg med songar og salmar.

Krinsformann Johannes Samnøy i Bergen Krins opna høgtida. Den unge Marianne Juvik song vakkert og spela sjølv piano attåt.

Rektor Josef Tunglund frå Tryggheim vidaregåande skule og hovudstyreformann i NLM, leia høgtida og heldt hovud-talen. Ei lyttande og motta-keleg forsamling fekk høyra ein manande og vekkjande tale. Og songen tona frisk i kyrkja til tonefylgje av vår eigen organist Ragnvaldsen.

Sjølve innsetjinga vart innleia med ein kort presenta-sjon av ei Dale-jente i vakker bunad på denne store og viktige festdagen i hennar liv. Ein feststemt og glad Øpstebø-familie følgde med henne i denne stunda:far

Tomas, mor Kirsten og bror Gunnar. Fleire nære slektingar og mange, mange gode venner sat i kyrkja mellom bygdefolk og langvegsfarande.

Seks mann sterke representantar frå NLM las frå den heilage skrifta. Det veksla med song innimellom.

Dei som las var desse: Lektor Jon Kvalbein, generalsekretær Egil Grandhagen, bonde Hans Edv. Bø frå Randaberg, forretningsfører Ragnar Johansen, rektor Josef Tunglund - alle frå hovudstyret - og krinsformann Johannes Samnøy. Desse gjekk så inn i altarringen for å føreta sjølve vigsla.

Kallsbrevet vart lese opp for Grethe, og ho fekk spørsmål å svara på, der ho lova truskap i tenesta.

Ein knelande misjonselev fekk seks kraftige mannshender var-samt lagde på hovudet og vig-selsorda vart lesne. Og så var Grethe misjonær.

hagen. Det største eingongs-offer i Dale kyrkje - heile 16 500 kr - gav den store misjonsflokk, som var samla denne vakre sommarkvelden i vår vakre kyrkje.



Misjonær Grethe Øpstebø med foreldra og broren.

Fotograf: Åshild Samnøy

Ho fekk så ordet til helsing. Mange gode ord hadde ho til alle som opp gjennom åra har stått bak med hjelp og støtte, omtanke og bønner. Tvilen hadde også kome til henne, men gjennom alt var Guds kall og draging den sterkaste krafta. Frå heimen og sundagsskulen kom første påverknad. Den forsterka seg gjennom sommarleir i Sætervika og munna ut i misjonsskulen på Fjellhaug. Der har ho fått si utdanning til misjonstenesta. Sjukepleiutdanning frå Haraldsplass ligg imellom.

Det er naturleg at ho går til hospitalteneste først og fremst - men den glade budskapen har ho med i arbeidet. Ho går inn i arbeid mellom fjellfolk i Kenya, i eit område som har ca 200 000 innbyggjarar - same som Bergen kommune. Og Dale har fått sin første misjonær på nyåret ein gong.

Dale Misjonskvartett med sin dirigent Anton Hesjedal song eit par songar, og høgtida vart avslutta ved Egil Grand-Misjonsfesten i kantina et-

terpå vart leia av formannen i Dale Indremisjon, Ottar Dalseid, og samla 200 gjester. Venner stod i kø for å helsa. Først ute var tidlegare Kina-misjonær Gunvor Bjørsvik. Ho gav nok den nye misjonæren dei beste råda og oppmuntring som nokon kunne gje.

Siste helsinga kom frå Bjarne Thauale, veteranen mellom misjonsfolk og sundagsskulefolka på Dale. Dette har misjonsfolk på Dale og endå lenger bede om og arbeidt for i fleire mannsaldrar, sa Bjarne. Han leier den vesle gruppa av NLM-folk på Dale, som saman med Dale Indremisjon stod for tilskipinga.

Vi gler oss saman med han, som har fått oppleve to store hendingar i Dale kyrkja: I 1978 vart eldste sonen, John Ove, vigd til presteteneste, og no Dale sin første misjonær også vigsla her.

Vi forstår misjonsfolka som no takkar for bønnehøring og gleder seg over det som har hendt. Vi ynskjer Grethe hjarteleg til lukke og Guds rike signing over arbeidet. ElVe.

Voksne som drikker lager jordskjelv i barns følelser

Folket

I svensk språk finnes et uttrykk; rattnykterhet – som enkelt forklart betyr at man skal holde seg edru bak rattet. Nå slår fire kvinner i Göteborg til lyd for å innføre begrepet «barnnykterhet»! Å avstå fra alkohol under samvær med barn er like fornuftig som å la glasset stå når man kjører bil, mener de.

Denne slutningen trekker de etter i lengre tid å ha arbeidet med teamet barn og alkohol, på oppdrag fra Göteborg kommune. På nyåret gir de ut bok om emnet. «Barn og alkohol» skal den hete.

Omgitt av taushet

Det er påfallende hvor lite som er blitt skrevet om barns forhold til alkohol. Det er heller ikke så vanlig å snakke om hvordan barn blir påvirket av at voksne drikker. Likevel er det i barneårene at holdninger til alkohol og drikkeatferd blir innlært. Når de unge gjør sin alkoholdebut, oftest tidlig i tenårene, er de allerede formet av det mønsteret de har arvet fra sine omgivelser.

Kunnskap om barnas utvikling er ikke blitt ført sammen med kunnskap om alkohol.

– Man har vært så opptatt av de voksnes problemer med alkohol at man overhodet ikke har lagt merke til barna, sier Gunilla Bkman-Mosén ved Sosialforvaltningens informasjonskontor i Göteborg i en samtale med Barbro Joberger i Dagens Nyheter.

Dagens Nyheter har i andre halvdel av november hatt seks artikler om «nykterhet og varfor vi drikker».

Gunilla B.-mosén gir ut boka «Barn og alkohol» sammen med kollegene Åse Möller og Margaretha Omsäter, samt Birgitta Rydén som er sjeffspsykolog ved barneklubben i Göteborg. Esselte studium er utgiver.

– Når vi så hvor lite som er skrevet om emnet, bestemte vi oss for å skrive ei bok selv, sier Gunilla B.-Mosén.

Barn rammes av at voksne drikker. Uten muligheter til å velge blir de utsatt for ubehagelige eller utrygge situasjoner. De risikerer også å bære med seg dårlige alkoholvaner til sitt eget voksne liv.

Vi vet at små barn trenger mye trygghet, oppmerksomhet og gode forbilder. Uten å blunke godtar mange at barna blir utlevert til mer eller mindre berusede voksne. Vi ser. Vi vet. Men vi tier, skriver forfatterne. De trekker en parallell med edru-

skap i trafikken. Folk flest ser på å være edru bak rattet som en selvfølge. På samme måte som det er en grense for evnen til å opptre riktig i trafikken, går det også utover evnen til å ta seg av barn når man drikker alkohol.

Skremte - negative

Inger Nelson-Löfgren er den eneste svenske forsker som har interessert seg for hvordan barn oppfatter alkohol og berusning. Hun intervjuet 117 førskolebarn og ba dem tegne en beruset person. Tegningene ga klart uttrykk for konflikt i samband med alkohol. Allerede seksåringer har tatt etter de voksnes splittede holdning. Guttene ser ut til å være mer skremte og mer negative til alkohol enn jentene. Den som er beruset framstilles som oftest en mann. Jevnaldrende barn i en fransk og i en jødisk skole viste ikke de samme innslag av konflikt og uro i samband med alkohol.

Forfatterne mener det er forskjeller mellom samfunnene –



Illustrationerna hämtade ur boken "Barn och alkohol"

når det gjelder å bruke alkohol å løse opp hemninger og frig fra ansvar.

«For tidlig voksne»

Margaret Cork, som intervjuet 115 kanadiske barn i sin undersøkelse «De glømt barna», mener at en av de alvorligste sidene ved å vokse opp i et hjem der de voksne drikker mye, er at barna tvinges til å bli for tidlig voksne. De tar ansvaret for sine foreldre. Rollene blir byttet, og **barna blir fratatt sin barndom.**

Mange barn får ikke mulighet til å knytte sterke følelsesmessige bånd til sine foreldre. Dermed kan de heller ikke oppleve en normal frigjøringsprosess. De

kan gro fast på et nivå som ligger før puberteten, mener Margaret Cork.

Måten barna blir påvirket på er langt sterkere og mer langvarig enn hva tilfellet er for en voksen som opptrer beruset. Barna får påvirket sin identitet, sine normer og sin selvfølelse.

Barnet blir skremt av at den voksne forvandles og blir lallende, meningsløs eller uhemmet aggressiv. Når barnet ikke får sunn respons på sin atferd, slutter det å være spontant. **Det lærer seg å være på vakt og å stenge inne sine opplevelser, henter det i boka.**

Ubestikkelig lojal

Men barn er mestere til å finne grunner til å være stolte av og glade i sine foreldre. De er ubrytelig lojale og forsvarer sine foreldre utad. Barn som tidlig har lært seg at foreldrene ikke er til å stole på, viser ofte en generell dyktighet – som blir lagt merke til. Bak dette står en «overkontroll» som koster energi. Mange inntar en holdning til livet som går ut på å **gardere seg i enhver situasjon, påpeker Birgitta Rydén i et av kapitlene i boka.**

KYRKJELYDSBLAD for Vossebygdene :

Fin stemnedag på Nesheim

Nesheim kapell øvst i Eksingedalen var fullsett søndag 24. juni i samband med samlinga i det gamle Evanger sokn. Kommunal deling hadde ein i 1964, og kyrkjeleg i 1967. Men banda er enno sterke, det syner den gode oppslutnaden om stemnedagen.

Ved gudstenesta deltok prestane Sønnesyn og Farestveit. Dessutan fekk vi høyre mykje fin song. Evanger kyrkjekor og Eksingedalen blandakor var med og hadde kvar sine songinnslag.

Nesheim kapell høgtidar 75 års jubileum dette året, og ein del oppussings- og utbyggingsarbeid har vore gjort slik at vi i dag møter eit harmonisk og sers velhalde gudshus.

Soknerådsformannen, Johan Gullbrå, gjorde stutt greide for arbeidet med kyrkjehuset, eit arbeid som stemnedagen markerte avslutninga på.

Etter gudstenesta baud soknerådet inn til kyrkjekaffi i Eksingedalen skule på Bergo. Omlag 125



Kjell og Kjersti
Farestveit.

var benka til bords, til både eit velsmakande måltid og eit samver med song av kora og helsingar frå dei frammøtte.

Serleg interessant var det å høyra Gulleik Brækhus ta fram minne frå den tid folket i Nesheim-krinsen hadde sin ferdaveg over fjellet til Teigdalen, og bar og kløvja til gards det dei trong. På gardane på Brekkhus og Århus hadde dei sine faste overnattingsstader.

Stemnedagen tek og opp att tradisjonen med kristne sumarsamlingar som mange minnest frå yngre år.

Frå Evanger vil vi takka for at vi fekk koma, og for god mottaking på alle vis. Så kanskje ferda går andre vegen over fjellet eit anna år.

K.F.



Songkor og organistar i fin harmoni!



Ny kyrkjelydselev på Dale

Dale Kyrkjelyd har vore så heldige at vi har fått oss ny kyrkjelydselev. Siste året har vi sakna det.

Hilde Karin Risan frå Bømlo skal dette året gå på Menighetsseminaret i Bergen 3 dagar i veka. Dei andre dagane vert ho å finna i arbeid mellom born og unge på Stang helle og Dale. Ho skal sjølv læra, og elles vera til støtte og hjelp der det høver.

Hilde Karin er 19 år og er aktivt med i kyrkjelydsarbeid og anna sosialt arbeid. Ho har elles fått med seg 1 år på gymnas og husflidsskule på Stord.

Vi spør kva aktivitetar ho har drive med, og svaret er:

-Eg har vore assistent i barnehage på Bømlo, leiari i ein ungdomsklubb og aktivt med i hjelpekorpsdet heime. Interessant var det også å vera støttekontakt for psykisk utviklingshemma på Bømlo, der eg deltok i ei røde gruppe. Dessutan har eg vore aktiv speidar i 10 år.

-Du er ei glåd jente og likar å syngja, forstår vi.

-Ja, eg har delteke i Indremisjonene Ungdomskor heime, og eg likar å skriva dikt og songar sjølv og.

-Du likar alt som spirer og gror, ser det ut for. Du kjem med fanget fullt av blomar - helst grøne !


-Ja, blomar er eg glad i, både ute og inne. Og det som spirer og gror i unge sinn er eg særst interessert i. Eg gled meg til arbeidet mellom born og unge her i kyrkjelyden. Det er mitt ynske og mål for dette året å vera støtte og hjelp for desse.

Neste skuleår vert eg i Oslo på vidareutdanning. Eg meiner at menighetssekretær må vera ein tiltalende jobb innan kyrkja.

Vi ynskjer Hilde Karin velkomen til oss. Ho tek til i første veka i september.- Då kjem ho frå innføringskurs i Nordmarkskapellet. Ho tek alt grundig og med ope sinn.

Ein så allsidig kyrkjelydselev kan det verta interessant og nyttig å ha i kyrkjelyden vår.

Vi får ein liten prøve på dikt av Hilde Karin i bladet. Ei god venninne har teikna ei vakker bord attåt. Elve.



Kyrkjereformer

Stortinget har vedteke viktige endringar i ordninga for Den norske kyrkja. Det har vore mykje debatt om desse kyrkjereformene. Når nyordninga nå er lovfest, er det eit par hovuddrag ein kan merke seg:

- Den norske kyrkja held fram som statskyrkje, slik som før.

- Men reformene gjev kyrkja større sjølvstende på fleire vis.

Kyrkjemøtet

Den viktigaste reformen er at ein skal skipe ein ny institusjon som heiter Kyrkjemøtet. Med dette møtet får kyrkja eit samlande topporgan, som kan representere heile kyrkja.

Kyrkjemøtet skal koma saman ein gong i året. Møtet får 80 medlemmer. Dei som sit i forsamlinga, er medlemene i bispedømeråda og Kyrkjerådet. Mellom dei årlege samlingane skal Kyrkjerådet vere i arbeid med å setje Kyrkjemøte-vedtaka ut i livet.

Etter lova skal Kyrkjemøtet ta seg av saker av felles kyrkjeleg interesse og elles alt som kan vekke og nære det kristelege livet i kyrkjelydane. Samarbeidet i kyrkja er òg ei oppgåve for Kyrkjemøtet.

Etter kvart vil Kyrkjemøtet på vegner av kyrkja få større ansvar for avgjerdsler i kyrkjelege saker. Det er fastsett at Kyrkjemøtet skal uttale seg om kyrkjelege lovendingar, leggje fram planar for kyrkjeleg undervisning og diakoni og føreslå retningsliner for soknereguleringar. Andre oppgåver kan bli overført til Kyrkjemøtet frå det statlege kyrkjestyret.

Det fyrste Kyrkjemøtet vert halde sist i november 1984.

Bispedømerådet

Reformene vil gje bispedømerådet eit større ansvar. Størst interesse er knytt til den nyordninga at bispedømerådet skal taka over tilsetjing av prestar, kateketar og andre tenestemenn i kyrkjelydane. Denne ordninga tek til "når det er bestemt av Kongen", og det kan sjølvstøtt taka si tid.

Talet på medlemmer i bispedømerådet vert utvida frå fem til sju. Det skal veljast inn to lekmedlemmer i tillegg, av dei skal den eine vere kyrkjeleg tilsett.

Bispedømmemøtet

Nytt er det òg at bispedømmemøter vert ei lov-festa ordning. Kwart anna år vert desse møta haldne. Dei som skal kome saman, er ein lek-representant frå kvart sokn, to prestar og ein ikkje-geistleg tilsett frå kvart prosti. Dessutan skal prostane og bispedømerådet vere med.

Bispedømmemøtet kan take opp til handsaming alle aktuelle spørsmål i bispedømmet ved sidan av dei sakene som vert lagt fram for møtet av ulike kyrkjelege instansar.

Soknerådet

Lovendringane har berre ført til små justeringar i føreskriftene som gjeld sokneråda. Det skulle tyde på at dei ordningane som rår, er så bra som ein kan vente.

Noko nytt er det at ein får ein eller to felles valdagar for soknerådsval over heile landet. Sokneråda får utvida høve til å kalle inn formanns-kapsrepresentant og kyrkjeleg tilsette til råda sine møte. For å gjere arbeidet meir effektivt får soknerådet høve til å gi eit arbeidsutval fullmakt til å avgjere hastesaker.

Eit nytt innslag er at det står klårt i lova at kyrkjelege råd skal arbeide i lojalitet mot den evangelisk-lutherske læra. Dette pålegget skulle ein tru var noko sjølv-sagt, men det er bra å få det tydeleg på prent.

Alt siktar mot kyrkjelyden

Jamvel om det er små endringar som direkte gjeld sokneråda, bør ein merke seg at det meste i lovendringane har som føremål å tene kyrkjelydane sin interesse.

Dei som er med på bispedømmemøtet og i bispedømerådet, i Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet, vert peika ut ved ein valordning som har soknerådsvalet som utgangspunkt. Dei tillitsvalde vil difor i prinsippet representere kyrkjelydane.

Ser vi på arbeidsoppgåvene for Kyrkjemøtet og dei andre organa, er det tydeleg at siktemålet er å leggje tilhøva til rette for arbeidet i dei einskilde kyrkjelydane. Ein kan difor trygt seie at dei nye kyrkjereformene fyrst og fremst sikter mot det kyrkjelege liv på lokalplanet.

Takk til huslyden Lundestad!

Dei fleste veit at huslyden Lundestad flytte frå skulestyrarbustaden på Bergo og til skulestyrarbustad ved ungdomsskulen i Øystese i sommar.

Dei for litt før dei hadde sagt, slik at det ikkje vart høve til anten avskilsbillete eller intervju. Difor vil me berre takka dei for det dei var og gjorde i skulen, bygdasamfunnet og kyrkjelyden. Det vart store tomrom etter dei i mange samanhengar, og ikkje minst i barnetalet på skulen.

Me ynskjer lukka og signing i ny heim, skular, kyrkjelyd og samfunn elles.

Biletet er frå 17. mai 1982, og syner Fride Johanne, Bård Magnus, Ole Vegard og Jon Skule.

Konfirmantane i Bergsdalen

Aslak Berge, Anne-Hilde Berge, og Frode Lid saman med sokneprest Steinnes.

 RES. KAP. I SLETTEBAKKEN
 Geir Galllefoss ønsker å
 leie lagringsplass for
 "veteranbil", Citroën 67-
 model. Henv. tlf. 282291,
 eller res. kap. Sønnesyn.

Frå kyrkjebøkene

DØYPTE

DALE

- 10.06. Remi Andre Holme
 " Ingebjørg Rørvik
 " Irene Geitle Andersen
 17.06. Ingrid Lene Dale
 01.06. Kim Arne Helle
 29.07. Per Åge Laupsa
 02.09. Meline Haugland

STAMNES

- 15.7 Aleksander Leiren Andersen
 " Morten Vathe Lilletvedt

VAKSDAL.

- 11.6. Therese Tysnes.
 11.6. Alf-Henry Erstad.
 1.7. Kim Roger Kjøndal.
 29.7. Roger Bruvik.
 29.7. Klara Signy Vik.
 2.9. Eirik Hoftun Johnsen.

V I G D E

DALE

- 2.6. Unni Irene Sandvik og
 Frode Brattebø
 16.6. Unni Øie og
 Reidar Takvam
 30.6. Sissel Aimée Kalsås og
 Henning Inge Faugstad
 30.6. May Lisbeth Pedersen og
 Nils Magne Kristiansen
 7.7. Lisbeth Vågen og
 Arne Bergby



VAKSDAL

- 14.7. Eivind Eilifsen og
 Wenche Hauge.
 16.6. Bjørn Eliassen og
 Karin Langhelle.

A V L I D N E

DALE

- 9.6. Ole Johan Solberg
 21.6. Torleif Tjønneland
 30.6. Nils Breistein
 11.8. Konstanse Salberg
 2.8. Alvhild Sellevold
 10.8. Johanna Takvam

EKSINGEDALEN

- 10.6. Jakob O. Høvik
 10.7. Anders J. Gullbrå

Vaksdal.

- 8.6. Johannes Næmdal, f.1911.
 13.6. Anna Bernes, f.1909.
 25.6. Mina Jacobsen, f.1923.
 1.7. Knut Hermundsdal, f.1899
 8.7. Nils Thomassen, f.1888.
 30.6. Nils Herman Jacobsen, f.1920.
 15.7. Peder N. Langhelle, f.1895.
 16.8. Olav O. Olsnes, f.1920.

- 24.8. Tove Bruvik og
 Svein Erdal



VELKOMEN TIL KYRKJE

SEPTEMBER

9. 13. søndag etter pinse:

Vaksdal kl. 11.00 Rk. Sønnesyn.

Familiegudsteneste.
Offer til Søndagsskolen.

Eidslandet kl. 11.00 Sp. Steinnes.

Familiegudsteneste. Offer til
Bergen Søndagsskolekrets.

16. 14. søndag etter pinse:

Dale kl. 11.00 Sp. Steinnes.

Nattverd. Offer Misjonshøgskolen.

Stamnes kl. 11.00 Rk. Sønnesyn.

Nattverd. Offer til Norsk luthersk
misjonssamband.

23. 15. søndag etter pinse:

Nesheim kl. 11.00 Rk. Sønnesyn.

Nattverd. Offer "Fagertun".

Stanghelle bedehus kl. 17.00

Familiegudsteneste Rk. Sønnesyn.

30. 16. søndag etter pinse:

Dale kl. 11.00 Sp. Steinnes.

Norsk Lærerakademi v/H. Røykenes.
Offer til NLA.

Bergsdalen kl. 11.00 Rk. Sønnesyn.

Nattverd. Offer til NLA.

Eksingedalen kl. 11.00 M. Mestad.

Norsk Lærerakademi. Offer til NLA.

Vaksdal kl. 18.00. H. Røykenes.

Norsk Lærerakademi. Offer til NLA.

Stamnes kl. 18.00. Familiemøte.

Norsk Lærerakademi v/Finn Sjørnsen.

Offer til NLA.

OKTOBER

7. 17. søndag etter pinse:

Vaksdal kl. 11.00 Sp. Steinnes.

Nattverd. Offer til Norsk

luthersk Misjonssamband og
Israelsmisjonen.

14. 18. søndag etter pinse:

Stamnes kl. 11.00 Sp. Steinnes.

Familiegudsteneste.

Offer til Søndagsskolen.

Eidslandet kl. 11.00 Rk. Sønnesyn.

Familiegudsteneste.

Offer til Kirkens Nødhjelp.

Eksingedalen kl. 16.00

Sp. Steinnes. Nattverd.

21. 19. søndag etter pinse:

Dale kl. 11.00 Sp. Steinnes.

Familiegudsteneste. Offer til

Bergen Søndagsskolekrets.

Vaksdal kl. 11.00 Rk. Sønnesyn.

Familiegudsteneste.

Offer til Soknerådet.

28. Bededag.

Bergsdalen kl. 11.00 Rk. Sønnesyn.

Familiegudsteneste.

Offer til Redd Barna.

Nesheim kl. 11.00 Sp. Steinnes.

Familiegudsteneste. Offer til

IKO/Bergen Søndagsskolekrets.

Kyrkjeblad for Vaksdal prestegjeld

Bladstyrarar: Per Einar Sønnesyn (ansv.) og Magne O. Steinnes. Medarbeidarar: Skrivarane i sokneråda. Kassarar:
 Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik. Postgiro 5 72 34 73. bankgiro 3500.50.13117. Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.

Bladpengar kr. 30,00 (eller meir) for året.

Ekspedisjon og retur til: Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese, tlf. (055) 55045.

VELKOMEN TIL KYRKJE



"HER HEV LIVSENS KJELDA RUNNE"
-BEDEHUSKAPELLET PÅ EIDSLAND-

HØYR KOR KYRKJEKLOKKA LOKKAR
MED EIN HØG OG HEILAG KLANG
ALLE FOLK OG ALLE FLOKKAR
TIL EIN HUGSAM KYRKJEGANG!
SYSKIN, LAT OSS KALLET FYLGJA
YVE BERG OG YVE BYLGJA.
LAT OSS GÅ PÅ KYRKJEVEG
GLADE BÅDE DU OG EG!

HER HEV VÅRE FEDER FUNNE
HJARTEFRED OG SÆLEBOT.
HER HEV LIVSENS KJELDA RUNNE
FRISKANDE UM HJARTEROT.
TÅRNET HØGT MOT HIMLEN PEIKAR,
DER PÅ HIMMELSTIGEN LEIKAR
GODE ENGLAR TIL OG FRÅ
MILLOM JORD OG HIMMEL BLÅ.
B.Støylen.

FORKORTINGAR:

St Steinnes
Sø Sonnesyn
k kveldsgudsteneste
n nattverd
KPR konfirmantpresentasjon
FAM familiegudsteneste
LYSM lysmesse
KONS konsert
NLA lærarakademiet

"Mi Kyrkjebok" til fire-åringane
14.10, 21.10, og 28.10.

Aksjon Dale/Stangh.

Til døpsforeldre: Det høver best
med dåp når det ikkje er nattverd.

GUDSTENESTER I VAKSDAL PRESTEGJELD SEPT.-DES. 1984.

KLIPP UT!

MND	DAG	ST.	DALE	VAKSDAL	STAMNES	EIDSL	EKSINGE	DALEN	NESHEIM	BERGSDAL	NAMN
AUG	19	HELLE	Sø n	St n							10 et.
	26				KPR k Sø	KPR k	KPR Sø				11 "
SEP	2		KPR k St	KPR k Sø						KPR St	12 "
"	9			FAM Sø		FAM St					13 "
"	16		St n		Sø n						14 "
"	23	FAM						Sø n			15 "
"	30	k Sø	NLA St	NLA k	NLA k	NLA k	NLA		Sø n		16 "
OKT	7			St n							17 "
"	14				FAM St	FAM Sø	St k n				18 "
"	21		FAM St	FAM Sø							19 "
"	28							FAM St	FAM Sø		beded
NOV	4	FAM		Sø n	Sø k						Alleh.
"	11	St	Sø k n				Sø				22 e.
"	18			St k		St n					23 "
"	25		St		Sø						Siste
DES	2		Sø n	LYSM k Sø			St n				1. Adv.
"	9		LYSM k St	St n	Sø n						2. "
"	15				LYSM/KONS				LYSM/KONS		lord.
"	16		KONS k St	KONS k Sø							3. Adv.
"	23			Sandv.grh		LYSM/					4. "
"	24		FAM St	FAM k Sø	FAM k Sø			FAM Sø			julaf.
"	25		St	Sø							julec.
"	26				St		St k		Sø		"
"	30					Sø					
"	31		St k	Sø k							Nytt.
JAN	1				Sø n	VEL MØTT I KYRKJA DI!				St n	